# Meland kommune

Meland kommune v/ kulturavdelinga

| | | |
|---|---|---|
| Referanser: | Saksbehandlar: | 04.12.2015 |
| Dykkar: | Marius Flemmen Knudsen | |
| Vår: 15/3116 - 15/21779 | marius.knudsen@meland.kommune.no | |

## Søknad om jordpåfylling til innmarksbeite på Gbnr.22/4 Mjåtveit

Meland kommune har motteke søknad frå Magnar Askeland på Gbnr.22/4 på Mjåtveit, om å få fylle på jordmassar på eit areal på ca. 3 daa synleg på vedlagt kart.
Søkjer driv mjølkeproduksjon og det omsøkte arealet ligg nært driftsbygningen. Arealet er i dag delvis beita, men er grunnledt og ikkje optimalt som beitemark. Mellom det omsøkte arealet og driftsbygningen er det i dag eit innmarksbeite som det tidligare er fylt jord. Arealet er planlagt brukt som nattbeite til mjølkekyr og som haustbeite til sau. Arealet ligg nært driftssenter og er godt egna til beiteareal. Kommunen ser verdien i å auka beitearealet nært driftsbygningen. Det omsøkte arealet ligg i LNF-område og heile området framstår som eit ope og godt skjøtta landskap.

Meland kommune ynskjer å klarlegge om det er automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne på staden som kan komme i konflikt med tiltaket. Saka vert oversendt Hordaland Fylkeskommune og Meland kommune v/ kulturavdelinga for evaluering.

**Tiltak: Påfylling av jord på ca. 3 daa for å oppgradere arealet til beiteareal.**
**Gbnr: 22/4**
**Kommune: 1256 Meland**
**Frist for utale: 08.01.2015**

Med helsing

Marius Flemmen Knudsen
skog- og miljøkonsulent

**Vedlegg:**
Kart til søknad om jordpåfylling Gnr.22 bnr. 4


| Postadresse | Kontakt | | |
|---|---|---|---|
| postmottak@meland.kommune.no | www.meland.kommune.no | Konto 1503 18 83722 | Kartinfo: www.nordhordlandskart.no |
| Postboks 79, 5906 Frekhaug | Telefon +47 56 17 10 00 | Org.nr. 951 549 770 | |
| Besøksadr: Havnevegen 41 A | Telefaks +47 56 17 10 01 | | |
| 5918 Frekhaug | | | |

**Kopi til:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Magnar Askeland | Rosslandsvegen 293 | 5918 | FREKHAUG |

**Mottakere:**
Meland kommune v/
kulturavdelinga
Hordaland Fylkeskommune
v/kultur- og idrettsavdelinga